



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Familiestøtte

KVINNHERAD POLITISTASJON

Postboks 85

6901 FLORØ

Referent

Tlf.

Vår ref.

Dykkar ref.

Dato

Vigdis Gammelsæther

2022/3736-12

11.02.20265

## MØTEREFERAT

**Tid og stad: 16. desember kl 12:00 – 15:00, Ungdomsbase sør**

**Til stades: Vegard Bjørnevik (ordfører), Sigurd Børve (politistasjonssjef), Leif Ove Mikkelsen (kommunedirektør), Heidi Solheim (kommunalsjef sektor oppvekst), Åslaug Brænde (kommunalsjef sektor Helse omsorg og sosial), Randi Pedersen (einingsleiar Barn og familie), Gunn Berit Koltveit (Barnevernsleiar), Vigdis Dyrkolbotn (prosjektleiar for «E D Greitt» i barnevernet), Are Uppheim (førebyggjande politi) og Vigdis Gammelsæther (fråtreande SLT koordinator)**

**Fråfall: Veronica Thorsen (ny SLT koordinator) har meldt fråfall grunna sjukdom.**

---

### Saker:

- **Innleiing og orientering frå Politistasjonssjef Sigurd Børve –**

*sjå vedlagt presentasjon.*

- Det blir ein namnsfogd i Vest politidistrikt. Fem tilsette vil høyre til ein større organisasjon i vest enn politikontoret i kommunen. Konsekvens: ingen tilsette lokalt som kan ta øvrige oppgåver som eksempelvis betene passkontoret det no er opna opp for at skal re-etablerast i kommunen.
- Politistasjonssjefen understrekar at det vert meir og meir sannsynleg at det blir nedleggingar av mindre einheter i politiet. Kvinnherad er tenkt inn mot Hardanger. Dette vil påverke tilgjengelegheit, vakt og beredskapskapasitet og samhandlinga med ulike instansar. Endringane skal inn i ein høyringsprosess der kommunane kan komme med sine høyringsinnspel.

- Det er ein eigen psykiatrigruppe i Vest politidistrikt. 25 % av individoppfølginga skjer i Kvinnherad. Tettheit av klientar er ei belastning for lokalmiljøet – eksempelvis handelsnæringa. Politistasjonssjefen påpeikar at vi ikkje har eit lovverk som treffer problemstillingane ein står i der ofte rus og psykiatri er samanfallande utfordringar som gjer saker komplekse og krevjande.
- Det er og eit auke i sikkerheitsposten på Valen, noko som opptek ressursar i politiet og reduserer kapasitet til andre oppdrag.

Kommentarar:

Åslaug Brænde legg til at ein har store utfordringar innan psykiatrifeltet i kommunen med mange tunge diagnoser som schizofreni-diagnoser i botn og der rus oftare og oftare er ein tilleggsproblematikk. Diagnosane bryter gjerne ut i ein begynnande ruskarriere. Påpeker at samarbeidet med politiet og deira tilgjengelegheit er avgjerande.

Ordførar understrekar at det vil vere viktig at kommunen nyttar høyringsprosessen for å få fram konsekvensane endringane vil ha for befolkninga og tenestene. Det er viktig at dette også vert løfta politisk.

Kommunedirektøren ser med alvor på den føreslegne endringa og påpeikar at dette går på tvers av den moderne beredskapssystem og at det kommunale restansvaret vert stort i dette konsekvensbiletet. Visar til tidlegare krav om at 80 % av befolkninga skal kunne nås av politi innan 20 min. Dersom dei føreslegne endringane vert effektuert vil dette kravet bli illusorisk.

## Gjennomgang av satsingsområda for 2025:

### Førebygging av vold og overgrep

- Orientering frå prosjektleiar i barnevernet Vigdis Dyrkolbotn.

*Sjå vedlagt informasjon til politiråd.*

- Tal frå Barnevernet, leiar Gunn Berit Koltveit orienterar:

Kategoriar knytt til vold og overgrep:

Høg grad av konflikt heime, vold i heimen/vitne til vold, utsett for psykisk vold, utsett for fysisk vold og utsett for seksuelle overgrep: *totalt 54 meldingar på 43 barn*

- vold i heimen/vitne til vold, utsett for fysisk vold, utsett for psykisk vold og utsett for seksuelle overgrep: 47 meldingar på 40 barn
- vold i heimen/vitne til vold, utsett for fysisk vold og utsett for psykisk vold: 36 meldingar på 35 barn
- utsett for seksuelle overgrep: 13 meldingar på 9 barn.
- Etter undersøking så er det fatta 5 vedtak totalt der alle kategoriane var inkludert. Barnevernstenesta har vurdert at det kan henleggast i 20 saker,

parten har ynskja i 4 saker (ikkje takka ja til hjelpetiltak), 4 er avslutta grunna henvising til anna instans.

- For overgrep er det fatta 2 vedtak om hjelpetiltak, 2 undersøkingar er henlagt etter vurdering.
- øvrige undersøkingar er pågåande.

Det er generelt lite meldingar frå barnehagane. Skulane er betre på å sende inn bekymringsmeldingar.

Barnevernet mottok 5 meldingar veka etter E D Greitt vart gjennomført. Barnevernet har gjort nokre justeringar i tidspunkt for gjennomføring av E D Greitt i barnehage og skule for å klare å ta imot meldingar med tilstrekkeleg kapasitet.

### **Førebygging av rus og kriminalitet**

Politiet og SLT koordinator orienterar om at det er ei auke i rusproblematikk i Rosendal. Ein ser svingingar. Rekruttering ned i alder er ei bekymring. Instansar jobbar aktivt. Avhengig av eit tettare samarbeid med foreldregruppa der natteramnar vert aktivert. Alle ungdomar treng å bli sett og arbeid med å inkludere dei som strevar må og være eit samfunnsansvar – ikkje berre offentlege instansar.

Det er generelt meir uro og hærverk blant ungdom. Begge ungdomsbasane og skular opplev at materiell vert øydelagt med vilje. Butikkar opplev eit stort omfang av tjuveri både på Husnes og i Rosendal.

Førebyggande teneste er i ein vurderingsfase på korleis midlar vert nytta best for å møte dei utfordringane, endringane og trendane vi ser.

*Sjå presentasjon vedlagt*

### **Førebygging - psykisk helse**

orientering frå Heidi Solheim

*Sjå vedlagt informasjon til Politiråd.*

Åslaug Brænde orienterer om at flyktningar som kjem frå Ukraina no er meir traumatiserte og har liva sine på vent.

Rus og Psykisk helse ser ei auke i tal av unge menn som tek kontakt med rask psykisk helsehjelp (einsemd, dårleg sjølvbilete er utfordringsbilete). Rask psykisk helsehjelp viser gode resultat.

### **Trafikktryggleik**

Orientering frå Kommunedirektør. Kommunedirektør ga ein grundig orientering til politirådsmøtet i mai 2025 – viser til presentasjon frå mai-møtet. Ut over detta har det vore utbetra køyremønster ved Malmanger skule. Husnes barneskule skal opne over nyttår.

## Prioriteringar satt i politiråd for 2026

1. førebygging av vold og overgrep
2. Forebygging av rus og kriminalitet
3. Forebygging av psykisk u-helse
4. Trafikktryggleik

### Eventuelt:

- ***Politirådet konkluderer med å utvide politirådet med leiar for barnevernet og leiar for Eining Barn og familie frå 2026.***
- ***Politiråd gir SLT koordinator i oppgåve å vurdere på kva måte SLT kan jobbe meir konkret og koordinerande med prioringar satt av politiråd. Det best om at SLT koordinator legg fram eit forslag for Politirådsmøtet i mai 2026.***
- Orientering om førebuande politirådsmøte i november som vart avlyst grunna sjukdom. Anbefalingar vart henta inn via forms. *sjå vedlagt presentasjon.*

### Kopi til:

Vegard Bjørnevik  
Åslaug Brænde  
Heidi Solheim  
Randi Pedersen  
Gunn Berit Kolltveit

Rosendalsvegen 10  
Rosendalsvegen 10  
Rosendalsvegen 10  
Rosendalsvegen 10  
Rosendalsvegen 10